

ÅRSMELDING 2015 FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

1. Melding frå Styret i Leikarringen

1.1 Styret i Leikarringen 2015

Leiar:	Anbjørg Myhra Bergwitz
Styremedlem:	Audun Grüner-Hegge (nestleiar)
Styremedlem:	Simon Hesselberg Løvald (kasserar)
Styremedlem:	Mari Utberg Omdal
Varamedlem:	Sigrid Kjøbli
Varamedlem:	Lasse Pettersen

1.2 Årsmøte

Leikarringen hadde årsmøte i Lagsrommet 17. februar 2015. Det var 16 røysteføre medlemmer som deltok på møtet.

1.3 Styrearbeid

Det nye styret konstituerte seg på det første møtet sitt 27. februar 2015. Titlane i parentes i punkt 1.1. viser korleis dei faste oppgåvene vart fordelte.

Styret har hatt 11 fysiske styremøte, hvor Rådet var tilstede på 2 av dei, i meldingsåret. I tillegg har det vore mykje korrespondanse på e-post og på øvingar fortløpande, når det har vore naudsynt.

1.4 Informasjon

All informasjon frå styret ut til medlemene blir i hovudsak formidla via heimesidene (www.leikarringen.bul.no), per elektronisk post, på Leikarringen si Facebookside (www.facebook.com/Leikarringen) og på oppslag ved Teatersalen.

Hausten 2015 fekk Leikarringen ny heimeside (www.leikarringen.bul.no), i samband med omlegging av nettsidene til hovudlaget og dei andre særлага. Fylkeslaget BLS initierte dette tiltaket, og har skipa til fleire nettsidekurs i løpet av meldingsåret for at vi skal lære oss det skikkeleg.

Styret har ei elektronisk postliste der alle medlemmer med e-postkasse er med. Denne lista blir nytta til å formidle informasjon som naturleg høyrer til i Leikarringen. Dersom ein ikkje ønskjer å stå oppført på denne lista, kan ein be om å bli strøken.

1.5 Heiderslagsfolk

Det har i meldingsåret ikkje vore utnemdt nokre nye heiderslagsmedlemmer. Heiderslagsfolk har livsvarig medlemskap i Bondeungdomslaget og i Leikarringen, og blir innbedne til Leikarringen sine tilskipingar.

1.6 Heidersmerke

Styret har ikkje delt ut Heidersmerke i 2015.

1.7 Medlemstal

	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Medlemer ved utgangen av året	112	98	104	110	102	111	118	139	143	154	153
Nye medlemer	18	8	9	12	5	10	5	9	6	2	2
Strokne/ utmelde	4	5	15	4	14	17	26	13	17	5	43

1.8 Ombod frå Leikarringen

Barnelaget:

Victoria Carlin

Christina Nipe (vara)

Leikarringens årsmøtet 2015 fann ingen kandidat til å dekke inn den siste rolla frå Leikarringen, i etterkant av årsmøtet i 2015 har to foreldrerepresentantar fungert som styremedlemer i barnelagsstyret; Hege Almerud og Asle P. L. Jakobsen.

Bunadnemnda:

Turid Rønning

Anne Cathrine Johansen

Lasse Pettersen

Valnemnda:

Hans Petter Holen

Yngvild Aamot

Lisa Grav Henriksen

Anne Cathrine Johansen

1.9 Øvings- og dansekveldar

Øvingar:

Øvingane våren og hausten 2015 vart haldne i Teatersalen kvar tysdag kl. 19.30-21.30.

Sjå eiga melding for Søndansen.

I løpet av året var det mange dyktige instruktørar og musikarar som bidrog til eit flott danseår i Leikarringen.

Instruktørane har vore:

Audun Grüner-Hegge, Simon Hesselberg Løvald, Anbjørg Myhra Bergwitz, Vegar Vårdal, Sigrid Kjøbli, Lisa Grav Henriksen, Marianne Dahl, Silje Risdal Liahagen, Victoria Carlin, Rune Hernes Bjerke, Ole Nilssen, Solveig Brekke Hauknes, Ådne R. G. Kolbjørnshus, Carin Funset, Øyvind Sandum, Renate Nysted Tønnesen og Dag Vårdal.

Musikarane har vore:

Ole Nilssen, Bjørn Kåre Bråten Odde, Tuva Færden, Hilde Kirkebøen, Tore Bolstad, Laura Ellestad, Olav Christer Rossebø, Jon Brodal, Helga Myhr, Hilde Fjerdingsøy, Elise Tegnér, Vegar Vårdal.

Tema har vore:

Hallingspringar, turdans, danseteknikk, nordnorske danser, runddans, pols frå Østerdalen, menuett, sangdans, slängpolska, valdressspringar, parhalling, polsdans frå Finnskogen, springleik frå Vågå, samværsdanser på 1800-talls danser frå Oslo, nordlandspols, rørospols.

Marianne Dahl og Vegar Vårdal leia 17. mai-øvingane fram mot ei særskild vellukka 17. mai-framsyning på Karl Johan - sjå meir om 17. mai i pkt. 1.10.

Vi avslutta begge semestera med hyggelege avslutningar. 2. juni var vi ein stor gjeng samla hos Audun og Anbjørg for sumaravslutning. Planen var eigentleg å samlas i Frognerparken, men grunna dårleg ver blei det flytta inn. Fleire bidrog med salat, kaker og anna godt til pølsene. Det vert og stelt i stand musikkquiz.

8. desember avslutta vi eit flott år i Leikarringen med samling i Teatersalen. Vi åt peparkaker og klementinar, drakk gløgg med mandlar og rosin, og dansa til musikk frå Brørne Odde. I tillegg blei det arrangert julemusikkquiz av Mari Uthberg Omdal. Vi var om lag 30 som deltok.

På øvingane i vår og i haust har det vore stabilt oppmøte med gjennomsnittleg kring 25 dansarar, og vi har klart å oppretthalde ein stabil gjeng på øvingane. Det kjem stadig til nye dansarar, men det er óg ein heil del røynde dansarar med i gruppa framleis.

Dansekveldar og fester

15. februar var Leikarringen tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22. Det var minikurs i nordlandspols med Lisa Grav Henriksen som instruktør og Thor Hauknes som muskar på kurset. Etter kurset var det dans til Elise Tegnér med vener. 27. september hadde vi også ansvaret for Folkedanskvelden i BLS, då var det minikurs i polsdans frå Finnskogen med Audun Grüner-Hegge og Anbjørg Myhra Bergwitz, Jon Brodal var kursmuskar. Etter kurset var det dans til Brørne Odde, god stemning og rekordoppmøte på BLS-kveldane.

Begge gongene var Leikarringen ansvarleg for kiosksalet, dørvakter og rydding etter dansekvelden. Det var mange friviljuge som stilte opp denne kvelden og laga god stemning. Det var mange gode tilbakemeldingar frå BLS på samarbeidet.

Søndans/stildansar:

Sjå eiga melding frå Søndansen i punkt. 3.

1.10 Framsyningar, deltakelse og sosiale arrangement

17. mai dansa Leikarringen som vanleg opp Karl Johan til Slottet. Marianne Dahl og Vegar Vårdal var danseleiarar for 36 dansarar. Ole Nilssen og Bjørn Kåre Bråten Odde spelte for oss. Audun Grüner-Hegge var 17. mai-ansvarleg. Hallinggruppa BULder & Brak var med på delar av framsyninga, og synte fram flott halling til eit begeistra publikum ved Universitetsplassen.

I forkant av barnetoget synte Leikarringen seg fram på direkteending i TV2 sitt program «God 17. mai Noreg. 16 dansarar frå Leikarringen synte fram dans og nestleiar Audun Grüner-Hegge vart intervjuja. Dette ga Leikarringen veldig god marknadsføring midt i «beste sendetid» på nasjonaldagen. → Lenke til innslaget finn du her: <https://youtu.be/ZWqVxJgABMw>

Leikarringen dansa også tradisjonen tru på Ensjøtunet, Hans Petter Holen og Audun Bjerke spela der. Signe-Marie Hernes Bjerke & Rune Hernes Bjerke leia dansen.

Mange frå Leikarringen deltok på Brusteiinsballet på Universitetsplassen. Også i år var trioen Vegar Vårdal, Åsmund Reistad og Olav Christer Rossebø musikarar. Marianne Dahl & Vegar Vårdal leia dansen. → Lenke til innslag på dagsrevyen: <http://bit.ly/1MaGgUc>

Terje Svindseth tok flotte bilete både på Karl Johan og Brusteiinsballet, dei kan du sjå på Facebook her: <http://on.fb.me/1Dtqf8W>



Folk frå Leikarringen har også i år vore til stades på ymse tilskipingar i løpet av meldingsåret, som t.d. Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. I tillegg er medlemmer frå Leikarringen engasjerte i fleire større og mindre danseprosjekt både lokalt og nasjonalt.



På Landskappleiken 22.–26. juni, som vart arrangert på Fagernes i Valdres, deltok fleire dansarar frå Leikarringen, og gjorde gode prestasjonar. I tillegg debuterte Leikarringen i lagdans på Landskappleiken. Heile 16 dansarar representerte Leikarringen og dansa polsdans frå Finnskogen. Deltakinga endte med ein 13. plass av i alt 28 spel- og dansarlag. Ein plassering vi er særst godt nøgde med!

Sjå video her: <https://youtu.be/Ip9bdd5hhK4>

I tillegg deltok medlemmer frå Leikarringen i ein del andre klassar også:

- Simon Hesselberg Løvald i halling A
- Simon Hesselberg Løvald med hallingspringar i dans hardingfele B
- Tone Ingvaldsen & Lisa Grav Henriksen med nordlandspols i dans fele B
- Svein Are Vatnehol & Rita Sirirud Strandbakke med springdans frå Nordre Sunnmøre i dans fele B
- Ingrid Løkken med springleik i dans fele B
- Audun Grüner-Hegge & Anbjørg Myhra Bergwitz med dansen polsdans frå Finnskogen i klassa dans fele A

På Landsfestivalen i gammaldansmusikk 5.-9. august var det óg folk frå Leikarringen som deltok. Ida Malene Christensen deltok både i gruppespel saman med gruppa Hollos etterfølgarar og i pardans saman med Evald Fredholm, han óg frå Leikarringen.

Det er moro å sjå at dansarar frå Leikarringen utmerkar seg på nasjonale arrangement!

10. juni deltok Leikarringen under den Europeiske spillkongressen i Oslo Spektrum, i regi av Norsk Tipping. Åtte dansarar frå Leikarringen var med på dette innslaget, som var eit ønske frå Norsk Tipping om å syne bredden av det store sport- og kulturtilbudet Norsk Tipping støtter ved hjelp av midler frå spilleinntektar. Leikarringen avslutta kongressen saman med turnere, skiløparar, cheerleadere og fotballspillarar m.fl. Dette var ein honorert framsyning som bidrog til inntekter for Leikarringen.



13.-15. juni dro Leikarringen på tur til Bondehytta. Vi vart ein gjeng på sju medlemmer som koste oss nokre sumardagar i Nordmarka. Det blei både tur opp til toppen av Varingskollen, og bading i Ørfiske.

På Nordlek i Viborg 14.-19. juli deltok 10 dansarar frå Leikarringen.

Laurdag 21. november deltok 20 dansarar frå Leikarringen i lagdans på Oslokappleiken. Heile hausten hadde vi fokus på å lære oss polsdans frå Finnskogen litt ekstra godt, nettopp for å nytte den i deltakinga på Oslokappleiken. Her deltok både nybegynnarar og røynde dansarar, og det heile enda med at Leikarringen vann lagdans-konkurransen! Det var voldsomt morosamt og eit godt minne frå året som gjekk. Lisa Grav Henriksen, Tone Ingvaldsen, Audun Grüner-Hegge, Anbjørg Myhra Bergwitz, Ingrid Løkken, Svein Are Vatnehol og Rita Sirirud Strandbakke deltok óg her i pardansklassen, medan Simon Hesselberg Løvald deltok i halling senior.

Den 16. desember arrangerte hovudlaget sin årlege grautkveld, og fleire dansarar frå Leikarringen deltok. Vi hadde forberedt eit danseinnslag, og drog med oss alle dei frammøtte i en fellesdans mot slutten av kvelden. Thor Hauknes, medlem i Leikarringen og ein god muskar, sto for musikken. Leikarringen fekk skryt og ei lita gåve frå hovudlaget for alt det positive vi har fått til dette året!

1.11. Utsendingar

Olav Kårevik og Gunvald Grønvik frå Leikarringen representerte BUL på BLS sitt årsmøte i 2015. Anne Cathrine Johansen frå Leikarringen deltok på vegner av BUL Oslo på årsmøtet til Noregs Ungdomslag i 2015.

1.12. Dugnad

Det blei lagt ned mykje godt dugnadsarbeid i samband med 17. mai-tilskipingane. Bunadnemnda held fram med å gjere ein fin innsats for eigedelane til Leikarringen. Sjå eiga melding i pkt. 4.

1.13. Kurs

25.-27.september fekk Ragnhild Marie Holen stønad til å reise på barneinstruktørkurs i regi av Noregs Ungdomslag i Bergen, det vart ei helg fylt med mykje inspirasjon saman med mange andre deltakarar frå heile landet.

1.14. Medlemer frå Leikarringen som representerer i BUL, BLS (region), Noregs Ungdomslag (land), Noregs Mållag (land)

- Torbjørn Bergwitz Lauen sit som respresentant for Noreg i Nordlek sitt barne og ungdomsutval.
- Rita S. Strandbakke sit i styret i Noregs Ungdomslag.
- Marie Nicolaisen sit i som vara i styret i Noregs Ungdomslag.
- Ida Malene Christensen er styremedlem i Bygdelagssamskipnaden, der har ho tittelen aktivitetseiar.
- Olav Kårevik sit som styremedlem i Bøndenenes Hus.
- Edvard Lauen er medlem av Rådet i Bondeungdomslaget.
- Anne Cathrine Johansen er nestleiar og Gunvald Grønvik er styremedlem i styret i Bondeungdomslaget.
- Karianne Johansen, som òg er medlem av Leikarringen, sit som styremedlem i Songlaget.
- Marie Nicolaisen, som òg er medlem av Leikarringen, er leiar i Teaterlaget i Bondeungdomslaget. Øystein Gammersvik sit som leiar og Klas Ekeland sit styremedlem i styret for Bondehytta.
- Turid Rønning, Lasse Pettersen og Anne Cathrine Johansen sit som bunadnemnd i Bondeungdomslaget.

Shanghai, 12. februar 2016

For styret i Leikarringen, Anbjørg Myhra Bergwitz (sign.)

2. Melding frå Rådet i Leikarringen

Rådet i Leikarringen har i 2015 hatt denne samansetjinga:

- Valde for to år i 2014: Anne Cathrine Johansen og Rune H. Bjerke
- Valde for to år i 2015: Eirik Pettersen, Victoria Carlin og Steinar Hernes

Rådet har i perioden hatt to møte med styret i Leikarringen. Rådet har ikkje hatt egne møte, men har samarbeidd på telefon og epost.

Rådet har ikkje konstituert seg i denne perioden. 22. september hadde styret og rådet sitt første møte. Styret gjekk igjennom planane for hausten og dei tankane dei hadd efor øvingar og blestarbeid. Vi fekk også ei oppdatering om aktivitetane i nemnda som skal revidere lover og styringsføresegner. Rådet fekk gitt sine innspel. Styret ønskte også ein gjennomgang av tradisjonen med heidersmedlemar og utdeling av heidersmerke. Vi fekk utveksla tankar med styret om dette er ei tradisjon som framleis er eigna i Leikarringen eller om det er andre typar utmerkingar som burde erstatte desse.

Før Leikarringen eventuelt endrar lovene og styringsføresegnene rundt heidersmerke, ønskte styret ei tilbakemelding på om Rådet meinte det var medlemar som ikkje hatt fått merket ut i frå dei no gjeldande kriteria. På oppmoding frå styret, leverte Rådet i møtet 20. oktober ein gjennomgang av kandidatar til heidersmerke. Arbeidet med oversikten var krevjande. Det er no opp til styret å avgjere om nokon og i tilfelle kven som skal heidrast.

Oslo, 7. februar 2016

For Rådet

Eirik Pettersen, Victoria Carlin og Steinar Hernes

3. Melding frå Søndansen

Søndansen har hatt 6 samkomer i 2015 og 22 medlemmer har vore med på øvingane. Spelemann er Hans Petter Holen og rettleiar Folke Flateland.

Vi dansar mykje kontradans og storgardsdans frå det norske kontradansutvalet, vi arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Vi legg også vekt på det sosiale med ein god prat til kaffien. Åtte par frå Søndansen var med på NORDLEK 2015 i Viborg i Danmark i sommar.

Søndansen er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til Søndansen som er omlag ein søndag i månaden.

Asker, 24. januar 2016

For søndansen, Folke Flateland (sign.)

4. Melding frå Bunadnemnda

Bunadnemnda har i 2015 vore samansett av Turid Rønning, Anne Cathrine Johansen og Lasse Åberg Pettersen. Det har ikkje vore stor aktivitet i året som har gått.

Det har vore leigd ut ei jakke i samband med 17. mai. Nemnda har som elles gitt råd om bunadbruk til medlemmer i Leikarringen.

Strømmen, 6. februar 2016

For bunadnemnda, Lasse Åberg Pettersen (sign.)